

Nokre tekstlege samanfall i *Ynglingasaga* mellom Jøfraskinna og Peder Claussøns omsetjing

Av Rune Kyrkjebø

Nordisk institutt, Universitetet i Bergen

1. Innleiing

Nordmannen Peder Claussøn omsette i 1590-åra *Heimskringla* til dansk. Omsetjinga hans vart gjeven ut av Ole Worm i København i 1633, med tittelen *Snorre Sturlesøns Norske Kongers Chronika* (her avstyttta PCI).

Det er eit interessant spørsmål kva norrøne tekstversjonar som kan ligge til grunn for omsetjinga i PCI, og i denne artikkelen skal eg sjå nærare på *Ynglingasaga* i PCI i høve til teksten i handskriftet Jøfraskinna (J). Det er ei stor mengd med variasjonar mellom J og dei andre norrøne tekstvitna til *Ynglingasaga*. Frå desse variasjonane skal eg her freiste å trekke fram nokre fleire indisium for tekstleg fellesskap mellom PCI og J enn dei som er påpeika frå før.

Egil Eiken Johnsen (1942) har påvist korleis PCI skiftesvis stemmer overeins med det eine eller andre av dei norrøne tekstvitna, og han peikar på ein del stader i *Ynglingasaga* der PCI og J stemmer overeins. Han har ikkje nokon bestemt stemmatisk hypotese som utgangspunkt for si undersøking, og han hadde ikkje høve til å kontrollere handskriftene av J. Eg skal her lese gjennom *Ynglingasaga* igjen, men noterer berre dei variantane som er mogelege felles feil for J og PCI, og kontrollerer dei mot avskriftene av J.


Til denne undersøkinga har eg nytta variantapparatet i Finnur Jónssons *Heimskringla*-utgåve (HkrFJ). Finnur Jónssons variantapparat er mangelfullt, og det er mogeleg at han utelet variantar både på tekstnivå og på ortografisk nivå som kunne vore interessante her. Difor er denne undersøkinga ikkje uttømmende, men meir ei prøveboring.

2. Hypotese

Stemmaet for *Heimskringla* er delt i to hovudklassar, X og Y. Det er påvist at Peder Claussøns førelegg for verkets tredje hovuddel (Hkr. III) har vore av Y-klassen (Jonna Louis-Jensen 1977), men det er enno ikkje fastslege kva versjon han hadde føre seg av Hkr. I.

Gustav Storm peika på at PCl og J står saman mot handskriftene av X-klassen om viktige rette lesemåtar i *Ynglingasaga* (Storm 1903). Dette er då felles feil for Kringla (K) og Fríssbók (F) (sjå figur 1 nedanfor), og på grunnlag av dei ser vi bort frå hypotesen om eit X-førelegg. Alternativa er då at førelegget anten har tilhøyrt Y-klassen eller at det har tilhøyrt ein tredje tekstversjon. Louis-Jensen (1977:52) let dette vere eit ope spørsmål, men viser til ein felles feil hos J og PCl (sjå under 5.1 nedanfor). Bjarni Aðalbjarnarson meiner at PCl's førelegg har vore av Y-klassen, men at det har stått nærare Y enn J gjer (1951, bd 3:C).

Figur 1 nedanfor tek utgangspunkt i Bjarni Aðalbjarnarsons generelle stemma for *Heimskringla* (Bjarni Aðalbjarnarson 1951, bd. 3:XCIV), og illustrerer hypotesen om at PCl's førelegg er av Y-klassen.



Figur 1. Hypotese om den stemmatiske plasseringa av PCl i høve til Jøfruskinna (J), Kringla (K) og Fríssbók (F). Stemmaet viser berre dei tekstoitna til Hkr. I som inneheld *Ynglingasaga*.

Det avgjerande stemmatiske argumentet for eit Y-førelegg ville vere om ein fann overtydande felles feil i J og PCl.

3. Framgangsmåte

3.1 Utval av tekstlege samanfall

Samanfall i tempusbruk har eg ikkje teke med anna enn der det også er fellesskap når det gjeld om verbforma er enkel eller samansett. Likskapar i bruken av særnamn eller pronomen, og apposisjonen 'konungr', ved referanse til personar, er heller ikkje tekne med.

Felles utelatingar kan vere verdifulle stemmatiske indisium i tekstvitne som elles følgjer kvarandre nært. Men når det gjeld J og PCl kan vi

ikkje leggje mykje vekt på felles utelatingar, fordi PCI mange stader er forkorta i høve til det norrøne førelegget (jfr. Louis-Jensen 1977:52). Eg har likevel teke med nokre felles utelatingar som verkar interessante.

Peder Claussøn kan ha teke inn tekst frå det samandraget av kongesagaane som Mattis Størssøn laga midt på 1500-talet (MSt) (jfr. Eiken Johnsen 1942:159).¹ Eg har difor kontrollert PCIs lesemåtar mot MSt, og fører opp lesemåten frå MSt dersom den er samanfallande med PCI.

3.2 Tekstvitna

For J er tekstvitna J1: Jens Nielssøns avskrift i AM 37 fol, og J2: Ásgeirr Jónssons avskrift i AM 38 fol. Avskrifta J1, som er ei særleg nøyaktig avskrift, går frå tidleg i kap. 27 (HkrFJ 52.3) og utover. Finnur Jónsson nyttar J2 til varianttakinga før dette punktet, og deretter J1. Han oppgir i også sitt variantapparat når Sparfvenfelds avskrift (Sp) i Uppsala R:685 støttar lesemåtane i hovudavskriftene av J. Sparfvenfelds avskrift er eit ringare tekstvitne til J fordi ho er iblanda lesemåtar frå K.

Lesemåtane frå J1 og J2 har eg kontrollert mot papirkopi (J1) og mikrofilm (J2). Eg har kontrollert om avskriftene J1 og J2 er likelydande for dei av Js lesemåtar som kjem etter HkrFJ I: 52.3. Eg har ikkje verifisert lesemåtane i Sp anna enn for samanfalla i skrivinga av namn i 4.2 nedanfor.

Jon Gunnar Jørgensen har førebudd ei tekstkritisk utgåve av *Ynglinga-saga* etter Kringla (Jørgensen 1995). Arne Magnussons rettingar til Ásgeirr Jónssons avskrift i AM 35 fol. er der opptekne i hovudteksten, noko som gjer at teksten kjem svært nær Kringla. Eg har kontrollert Ks lesemåtar mot denne utgåva.

Lesemåtane frå Frissbók er kontrollerte mot Ungers utgåve (1871).

Tala til venstre i tabellane nedanfor refererer til side og linje der lesemåten begynner i HkrFJ, og lesemåtane er siterte frå HkrFJs hovudtekst og frå variantapparatet der.

¹ Eit interessant felles tillegg i høve til den norrøne teksten har PCI og MSt der det vert fortalt om Rolf Krakes fall, jfr. HkrFJ 57.13:

och den tid bleff Rolff krake slagen ij Lædre aff sin egen suoger,

hed Hiartward. MSt14

udi hans tid bleff Rolff Krage slagen i Ledre / aff sin egen suoger. PCI 23

4. Tekststader i *Ynglingasaga* der Peder Claussøns omsetjing stár nærare Jofraskinna enn X-klassen

4.1 Felles tillegg i J og PCI

9. 2	ór K, F vestarn or J2, Sp	Vesten / aff PCI 1
17. 9	grimligr K, F oc hræðiligr till. J2	grum oc forfærdelig PCI 5
24. 12	en heizk K, F en þo helzk J2, Sp	vaare dog ved mact PCI 10
35. 8	fór herskildi [um Finnland K, F viðá um Finnland J2, Sp	røfuede vide udi Findland PCI 15
35. 19	gæta mensins K, F gæta vel mensins J2	forvare vei sit Guldsmykke PCI 15

4.2 Samanfall i skrivninga av namn og tilnamn

16. 13	Himinbjörgum K, F, Sp hvn- J2	Hundbjerg PCI 5
28. 11	Skúta K, F Skyta J2, Sp	Scyt Aa PCI 12
43. 16	Jörundr, sonr Yngva konungs K, F Jörundr Yngvason J2, Sp	Jörundr Ynguesøn PCI 18 Jörund Ingwissøn MSt 10
44. 5	Gýlaugr K, F -leigr J2, -leygr Sp	Gydleg PCI 18
44. 11	Gýlaugr K, F -leygr J2, -leygr Sp	Gydleg PCI 18
45. 8	Fróði inn mikilláti eða inn friðsami K, F Fróði inn friðsami J2, Sp	Prode hin Frædegode PCI 19
46. 5	Frilleifs K Frið- F Frið- J2, Sp	Fridleffs PCI 19
58. 2	Njarðey K, F, J2 marðey J1, Sp	Marsø PCI 23
64. 13	Agni K, F Agni inn ríki J1, J2, Sp	K. Agnar hin Rige PCI 25
70. 2	hylviðr K, J2 Hulviðr F, J1, Sp	Huluid PCI 28

4.3 Andre tekstlege samanfall

10. 1	inn syðri hlutr K, F einn hlutr J2	en part udi Africa PCI 2
11. 4	þat eru diar kallaðir K, F þeir voro diar kallaðir J2, Sp	De biefue kaldede Diar PCI 2 de tolf kaldedis Diar MSt 4
21. 15	mörg tíðendi K, F oc mærg undr till. J2, Sp	mange underlige tidinde PCI 8
22.15	friðr allgóðr K, F all- vantar J2	god Fred PCI 9 guod tiid MSt 6
26. 9	steinn svá mikill sem [stórt hús K stor hús F, J2, Sp	store stene som Huss PCI 11
34. 3	verkþræll K, F verkmaðr J2, Sp	en Bonde PCI 14
37. 4	þeir bræðr riðu ii. frá þörum mönnum K, F þeir bræðr riðu ii. frá (af Sp) ællum mönnum J2, Sp	de rede ene to fra alt deris Folck PCI 15
41. 1	en Hugleikr [konungr samnaði her fyrir. K, F samnar her miklum a moti J2, Sp.	handt forsamlede en stor Hær mod Hagen PCI 17
41. 16	Dauði Guðlaugs konungs <i>overskrift</i> K vantar F Haki siglde dauðr a haf <i>overskrift</i> J2, Sp	XVIII. K Hagen. <i>overskrift</i> PCI 17
42. 15	at Haki konungr í Svíðjóð hafði [sent frá sér kappa sína K, F latit fara frá sér kappa sína J2, Sp	ladet sine Kiemper drage fra seg PCI 17
43. 13	siglði skipit síðan loganda út] í haf K, F geck scipit logandi ut um eyjar J2, Sp	Vinden blæste aff Landet / oc Hagen gick brendendis til Siøs PCI 18
45. 14	xxv. vetra K v. vetr. ok xx. F xx. vetr J2, Sp	20 Aar PCI 19

45. 15	xxv. vetra K halfan þriðja tægv vettra F xx. vetr J2, Sp	20 Aar PCI 19
46. 4	vantar K v. vetr ok xx F xx vetr J2, Sp	20 Aar PCI 19
46. 9	xxv. vetra K v. vetr ok xx F xx. vetr J2, Sp	20 Aar PCI 19
50. 1	skatti af [Svíum K, F Svipioð J2, Sp	Skat aff Suerrig PCI 20 schatt aff Suerrige MSt 11
50. 5	Danir fóru [aptr K, F heim J2, Sp	de Danske droge hiem igien PCI 20 De danske droge heim igien MSt 12
58. 11	dægum K, F dægum J1, J2, Sp	Dage PCI 24
61. 11	Þa voro konungar a Fjaðrindalandi Yngvarr ok Agnarr F Þá var konungur á Fjaðryndalandi [Yngvarr, en annarr Agnarr K hann átti sonu tvá við konu sinni, hét annarr Álfr en annarr Agnar J1, J2, Sp	oc var den tid en Underkonge eller Skatkonge i Fjaðrindaland i Suerrig / som hed K. Inguor/ oc haffde to sønner / Alff oc Agnar PCI 24
61. 14	váru í þann tíma heraðs-konungar [Braut-Önundar ok réð fyrir Tíundalandi Svipdagr blindi K, F (Endra orðstilling i F) Brætaunundr. réð firi tívnda landi J1, J2, Sp	Brydeomund raadde for Tiende-land PCI 25
64. 7	Brenna at Upsölum <i>overskrift</i> K vantar F fra Ingialde <i>overskrift</i> J1, Sp	XXVII. Kong Ingiald Ildråde. <i>overskrift</i> PCI 25
65. 17	hafði skipat K skipaði F, J1, J2, Sp	da beskickedede hand PCI 26
70. 16	at friðr væri K ef friðr væri F, J1, J2, Sp	naar det var Fred PCI 28
73. 2	er frægt er orðit K, F er viðfrægt er orðit J1, J2, Sp	som siden er vide ryctet PCI 29
74. 15	byggja K, byggva F bygðu þar J1, J2, Sp	oc bygde der Huse oc Gaarde PCI 29 och bygde der MSt 17

4.4 Felles rekkjefølgje i J og PCI

22. 18	váru allir [blótaðir ok brendir síðan K, F brendir ok blótaðir síðan J2, Sp	oc blefue brende / oc siden ofrede mand til dennem PCI 9
38. 6	frægt ok vinsæll K <i>omv.</i> F, J2, Sp	thi haffde hand yndist af alle / oc var megit naffnkundig PCI 16
49. 19	á Selund til Fróða ins frækna K, F til Fróða ins frækna a sælund J2, Sp	til Kong Frode hin Fracke i Sæland PCI 20
65. 11	Agnarr ok Álfr K, F <i>omv.</i> J1, Sp	PCI 25 same orðstilling som J1, Sp

4.5 Kapittelinndelinga

Som Eiken Johnsen også peikar på (1942:158), viser det seg at PCI og J fleire stader fell saman mot K og F når det gjeld inndelinga av *Ynglingasaga* i kapittel.

Dei norrøne tekstvitna deler teksten i kapittel anten ved avsnitt utan overskrift, avsnitt med overskrift, eller ei overskrift innfelt i tekstspalta.

I PCI er overskriftene korte og inneheld dei fleste stader berre namnet på hovudpersonen i kapitlet. Det er sett til ei nummerering med romartal, truleg av Ole Worm

HkrFJ følgjer K og F si kapittelinnending. K og F har likt antal avsnitt og lik plassering av avsnitta fram til og med HkrFJ kap. 49. K sin tekst sluttar midt i kap. 49, men F har avsnitt ved kap. 50 i HkrFJ.

Overskriftene i K og F er derimot ofte ulike, og det er ikkje alle stader at begge har overskrift.

J si kapittelinnending er avvikande i høve til K og F si. To stader, i HkrFJ kap. 9 og 11, har J ei inndeling i tillegg. Seks stader, i HkrFJ 4, 29, 31, 35, 45 og 50 vantar J kapittelinnending i høve til K og F.

PCI markerer ikkje kapittel ved HkrFJ 3-9, 29, 31, 34, 35, 37-39, 41-43, 45 og 50. Men mange av desse stadene har PCI underavsnitt, innrykk frå venstre, plasserte på same stad i teksten som avsnitta i dei norrøne tekstvitna, dette gjeld 3, 5-9, 34, 35, 37, 38, 41, 42.

PCI står saman med J om dei to ekstra inndelingane ovanfor, i HkrFJ kap. 9 (22.13) og 11 (25.20). Overskriftene er:

Aar mikít	J2	II. Niord.	PCI
Sveigðir hliop	J2, Sp	VI. Sveigder.	PCI

PCI står også saman med J om utelatingane av kapittelinnending ved HkrFJ kap. 29, 31, 45 og 50. Alle desse stadene har både J, K, F og PCI samanfall i markeringa av kapittel rett før og rett etter kvar av utelatingane.

Avskriftene J1 og J2 står saman ved dei av dei nemnde stadene ovanfor som kan kontrollerast i baa.

5. Resultat

5.1 Felles feil

PCI og J står saman om skrivemåten av ein del namn. Namnet i 16. 13 under 4.2 ovanfor er tidlegare nemnt (Louis-Jensen 1977:52) som ein felles feil. Lesemåten *hun-* kan vel ha opphav i ei minimforveksling, sjølv om talet på minimar ikkje er det same i *himin-* og *hun-*. Namnet *marðey* i 58. 2 er nemnt av Eiken Johnsen (1942:30). Her ligg ei minimforveksling i alle fall nær, og det er vanskeleg å avgjere om avskrifta J1 har <m> eller <n> i starten på namnet, men J2 skriv <n>. Sp skriv tydeleg <m>. Eg trur ikkje vi

kan leggje særleg vekt på dette mogelege samanfallet mellom PCI, J1 og Sp. Men i 28. 11 er PCIs *Scyt Aa* eit tydeleg samanfall med J2 og Sp. Eiken Johnsen peikar også på dette samanfallet (1942:122). Skaldestrofa like nedanfor i teksten har *Skutu*, noko som er eit argument for K og F har rett, og at J og PCI her har ein felles feil.

5.2 Potensielle felles feil

Bortsett frå 17. 9 i tabellen under 4.1 ovanfor dreier dei felles tilleggga seg berre om eitt enkelt ord. PCIs tekst ligg likevel tydeleg nærare J ved alle tilleggga, særleg i 9.2 og 17.9. Alle stadene står både K og F saman mot J og PCI, vi treng ikkje leggje særleg vekt på at Sp ikkje støttar J2 i 17.9 og 35. 8. Det er vanskeleg å peike ut nokon av desse stadene som felles feil i PCI og J.

Samanfalla i 44. 5 og 44. 11 under 4.2 er potensielle felles feil. PCIs skrivemåte *Gydleg* ligg nærare J2 og Sp, sidan han skriv «e». Like i nærleiken ser vi dessutan at PCI tek vare på diftongen «au» i *Guðlaugs* (HkrFJ 44.5, PCI 18).

I 70. 2 støttar J1 lesemåten Hulviðr, her er brukt eit v-teikn med ein spiss nedst for både «u» og «v» i namnet. Men J2 har tydeleg «y» for den første vokalen i namnet. Likevel, sidan J1 er eit betre vitne til skriftbiletet i J, kan vi rekne dette som eit samanfall og dermed ein potensiell felles feil mellom J og PCI.

Ved mange av variantane under 4.3 ovanfor er det vanskeleg å avgjere kva norrøn lesemåte som er den rettaste, til dømes ved *dægrum* mot *døgum* (58.11 under 4.3 ovanfor). Eg kommenterer dei ikkje nærare.

Om vi reknar med at Worm på dei aktuelle stadene i 4.5 ovanfor har behalde Peder Claussøns kapittelinnending då han laga utgåva, har vi også der indisium som peikar mot eit førelegg av Y-klassen.

6. Oppsummering

Det ser ut til å kunne påvisast to felles feil mellom PCI og J i *Ynglingasaga*, nemleg 16.13 og 28.11 under 4.2 ovanfor. I tillegg har her kome ein del andre tekstlege samanfall som kan reknast som potensielle felles feil.

Under arbeidet med tekstane har eg sett at det er mange avvik mellom J og X-klassen i *Ynglingasaga* der PCI står nærmast X. Desse samanfalla mellom PCI og X kan, under hypotesen om eit Y-førelegg, forklarast som J sine særfeil, altså som uttrykk for at J er mykje endra i høve til Y.

Litteratur

- Bjarni Aðalbjarnarson. 1951. *Heimskringla*. 3 bd. Íslenzk fornrit 26–28. Reykjavík.
- Claussøn, Peder. 1633. *Snorre Sturlesøns Norske Kongers Chronika. Udsat paa Danske / aff H. Peder Claussøn / forðum Sogneprest i Undal*. Utg. av Ole Worm. København.
- Johnsen, Egil Eiken. 1942. *Sagaspråk og stil*. Oslo.
- Jakob Benediktsson. 1955. Hvar var Snorri nefndur höfundur Heimskringlu? *Skírnir* 129 (1955): 118–27.
- Jørgensen, Jon Gunnar. 1995. *Ynglingasaga. Utgitt etter Kringla*. Midlertidig utgave. Upubl. Oslo.
- Finnur Jónsson. 1893–1900. *Heimskringla*. 4 bd. København.
- Louis-Jensen, Jonna. 1977. *Kongesagastudier*. København.
- Storm, Gustav. 1881. *Samlede skrifter av Peder Claussøn Friis*. Kristiania.
- . 1903. Textkritiske Bemærkninger til Ynglingasaga. *Arkiv för nordisk filologi* 19 (N.F. 15): 252–57.
- Størssøn, Mattis. *Den norske krønike*. Utgitt av Mikjel Sørli. 1962. Oslo.
- Unger, C. R. 1871. *Codex Frisianus*. Kristiania.

Avstytingar

- F Fríssbók.
- HkrFJ Band I av Finnur Jónsson 1893–1900.
- Hkr. I Første hovuddelen av *Heimskringla*.
- J Jøfraskinna.
- K Kringla.
- MSt Mattis Størssøns kongesagautdrag.
- PCL Peder Claussøns kongesagaomsetjing i *Norske kongers Chronika*.
- J1 Ásgeirr Jónssons Jøfraskinna-avskrift.
- J2 Jens Nielsøns Jøfraskinna-avskrift.
- Sp Sparfvenfelds avskrift i Uppsala R:685.
- StOT Den store saga om Olav Tryggvason.